



Det er utført vedlikehald på busskuret i Korsneset i dag.

Dei fem busskura i Uskedalen treng tilsyn og vedlikehald. Det vert gjort til faste tider av tilsynsansvarleg frå Mesta. I dag vart bakveggen i det eine busskuret i Korsneset flikka og målt innvendig, dette på grunn av tagging.

Ansvarleg person frå Mesta seier at det er lite hærverk på busskura i Uskedalen. Noko tagging vil det alltid vera, men om ein ser til andre bygder, er svært bra her i bygda. Det same gjeld søppel og bos i og rundt busskuret.

Det verste er når viktige skilt vert snudd eller rivne ned. Det kan i verste fall resultera i mistydingar og ulukker. De gler oss å høyra at Mesta er nøgd med dei reisande frå Uskedalen som brukar busskura fast. La oss halda fram med det. Alt kan likevel bli betre. Difor er dette ei oppmoding om å ikkje kasta søppel langs vegen og dermed heller ikkje på busstoppeplassane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal